

Haugesunds Avis

Forsiden / Økonomi / Fleire nybygg

Fleire nybygg

HAUGESUND: Brødrene Klovning Shipping har kontrahert ytterlegare to kjemikalieskip. Dermed vil reiarlaget ha fire fartøy under bygging.

Tekst: [Arne Frøkedal](#)

Etter 25 år utan nybygg bestemte haugsundselskapet seg tidlegare i år for å trø til. Nå har Klovning løyst inn ein opsjon som tilfører flåten to nye kjemikalietankarar på rundt 4.000 dødvekttonn – identiske med dei to fartøya som blei kontrahert tidlegare i år. – Det er lyse tider i shipping og ingen ting tyder på at lufta går ut av ballongen i kjemikaliesektoren med det første, seier dagleg leiar Einar Seeberg i Brødrene Klovning Shipping.

NIS-flagg

Prisen på dei to nybygga er på rundt 250 millionar kroner. Samla kontrahering utgjer nærare ein halv milliard. I tillegg har reiarlaget inngått ein opsjon på bygging av ytterlegare to kjemikalieskip av same type.

– Det er 50 prosent sjanse for at også denne blir sett i verk innan den går ut ved årsskiftet, seier Seeberg.

All bygging er lagt til eit nederlandske verftet og frakta skjer i samarbeid med danske Clipper Wonsild Tankers.

Jobb til 100

Den siste kontraheringa er gjort på vegner av det nystifta kommandittselskapet BKR Carriers KS. Prosjekta er eit samarbeid mellom lokale, nasjonale og internasjonale investorar.

Dei seks nybygga vil gje jobb til rundt 100 sjøfolk. Skipa får norsk flagg (NIS) dersom dei politiske rammevilkåra tilseier dette.

Dermed blir det norske offiserar om bord.

arne.frokedal@haugesunds-avis.no

Publisert: 30.09 07:00



pping kontraherer to nye kjemikalieskip dagleg leiar Einar Seeberg, Br. Klovning Shipping

Ok, vi aner ikke hva du tenker på nå,
men lurer du på å kjøpe bolig bør du snakke med oss.

Send HAUGESUND til 2111 eller gå innom Postbanken i Haraldsgt. 90.
Du kan også gå innom Posten.

Postbanken - en del av DnB NOR Bank ASA

